



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		56540/2010/	Bengt Endreseth	23.11.2010

## Høyring Økt utvinning på norsk kontinentalsokkel

Viser til brev datert 24.09.2010

Høyring Økt utvinning på norsk kontinentalsokkel, sak U-141/10 A vart behandla i fylkesutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune den 22.11.2010 og fylkeskommunen har fatta følgjande vedtak:

Møre og Romsdal fylkeskommune er nøgd med at OED har oppnemnt eit utval som no har lagt frem ein rapport med tiltak for å auke utvinninga av petroleums-ressursane frå eksisterande felt på norsk kontinentalsokkel. Auka utvinning vil representere stor verdiskaping for samfunnet, bidra til vidareutvikling av petroleumsindustrien gjennom utdanning og FOU.

I samband med utgreiinga vil Møre og Romsdal fylkeskommune spesielt peike på:

- Det må oppretthaldast dei høgste krav til HMS og miljø ved auka utvinning frå eksisterande felt.
- Leverandørindustrien og bransjen må stimulerast til utvikling og standardisering av ny produksjons- og utstys teknologi. Parallelt må oljeselskapa stimulerast til å spørre etter nye løysningar. Utvikling og standardisering av subsealøysningar er eit slikt eksempel. FOU og kompetanseoverføring gjennom fagskule, høgskule og universitet er viktige innsatsområder, jfr. det som er sagt om Petromaks.
- Det er positivt at Petoro sin rolle tilrås utvida. Petoro er også avhengig av ein meir fleksibel finansieringsordning enn dagens for å kunne ta dei rette grepa for å utvikle modne felt samt nye mindre funn i modne områder.
- CO2 for injeksjon er viktig faktor for auka utvinning på felta. Møre og Romsdal fylkeskommune og Klimakur 2020 har tidligare peika på Tjeldbergodden som aktuelt CO2 knutepunkt frå landbasert gassindustri og reinsing av CO2 frå CO2-rike felt, og på den måten ei aktuell kjelde for CO2 til injeksjon i aktuelle felt.

- Installering av permanente seismikkablar på havbotnen må avklarast med miljøstyresmakter og fiskeriinteresser.
- Møre og Romsdal fylkeskommune vil oppmode til at tildelte konsesjonar vert effektuerte innan rimeleg tid og at ubrukte konsesjonar vert inndregne og utlagde på nytt.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Olav Bratland', with a large, stylized flourish extending upwards and to the right.

Olav Bratland  
fylkesordførar